



## Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune –  
Samferdsleavdelinga  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Behandlande eining: Region vest	Sakshandsamar/telefon: Tone Bøyum / 55516792	Vår referanse: 15/206377-4	Dykkar referanse:	Vår dato: 14.12.2015
------------------------------------	---	-------------------------------	-------------------	-------------------------

### Klage på vedtak – Avslag på oppgradering og utvida bruk av avkøyrsl – Fv. 409 – Håland – Gnr. 31 bnr. 5 – Radøy kommune

Statens vegvesen har mottatt klage etter veglova på avslag om utbetring og utvida bruk av avkøyrsl frå Fv. 409 hp 2 km 6,201 til eigedomen gnr. 31 bnr. 5 i Radøy kommune.

#### Relevante saksdokument som er vedlagt:

1. Søknad om oppgradering og utvida bruk – 12.08.2015
2. Kart til søknad.
3. Avlag på søknad om avkøyrsl – 07.09.2015
4. Prinsippskisse avkøyrsl – 07.09.2015
5. Klage på avslag – 25.09.2015
6. Vedlegg til klage – BKK forslag.

#### Saksopplysningar:

Vi mottok søknad om avkøyrsl og utbetring av ein gamal gardsveg 12. august 2015. Søknaden var grunngjeve med behovet for tilkomst med traktor og maskiner til utmark på eigedomen, for å mellom anna transportere materiale og tømmer, opprydding etter storm, vedlikehald og rydding av skog i utmark. Vidare var det opplyst at BKK skulle oppgradere avkøyrsla i samband med at linjenettet i området (22 kv kabel gjennom Hålandsdalen) skulle utbetrast.

Statens vegvesen ga 7. september 2015 avslag på søknad om utbetring og utvida bruk av avkøyrsl til Fv 409 i Radøy kommune:

#### Vedtak:

*Med heimel i veglova §§ 40 og 43 vedtek Statens vegvesen å avslå søknad om oppgradering og utvida bruk av avkøyrsl på gnr 31 bnr 5 i Radøy kommune.*

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø

**Grunngjeving:**

Statens vegvesen grunngjev avslaget med at ein ikkje kan oppnå ei tilfredstillande og trafikkisikker løysing utifrå tilhøva på staden. Krav til siktlinjer og geometrisk utforming av avkøyrsla er vurdert ut frå haldningsklasse, fartsgrense og ÅDT på staden.

Ved periodevis behov for utvida bruk av avkjørsla slik det er skissert i søknaden, tilrår vegvesenet å nytte «Arbeidsvarsling». Spørsmål om «Arbeidsvarsling» kan stillast til Statens vegvesen ved Nordhordaland trafikkstasjon, 5914 Isdalstø. ([nordhordland.arbeidsvarsling@vegvesen.no](mailto:nordhordland.arbeidsvarsling@vegvesen.no))

Vi mottok klage på vedtaket 25. september 2015. Klagen er såleis rettidig.

**Innhaldet i klagen:**

I klagen kjem det fram at avkøyrsla og landbruksvegen også skal nyttast som tilkomst til ein fritidseigedom. Overvekt av argument i klagen går på at tilhøva langs vegen vert betre som følge av at det mindre parkering langs fv. 409.

Klagar syner til at vårt vedtak ikkje tek nok omsyn til at BKK skal utbetre avkøyrsla i samband med at det skal leggest ny kabel i grøft i området. Samla sett meiner søkjar at trafikktryggleiken i avkøyrsla og langs vegen vert betre:

Bakgrunnen for klagen er blant annet at vi mener det ikke er tatt hensyn til at BKK skal utbedre utkjørselen i forbindelse med at det skal legges ny kabel i grøft. Se vedlagt tegninger datert 25.06.2015 ark 2 og 3.

Det er heller ikke vektlagt at kratt og trær bli ryddet, og vegen vil bli bredere, som følge av at kabel skal legges i mellom utkjørsel og frem til parkeringsplassen.

Dette vil samlet sett utbedre trafiksikkerheten ved avkjørselen.

Det kan forøvrig også reises spørsmål ved hvorvidt fartsgrensen på 80 km/t er for høy på denne korte «etappen» av Fv.409.

Andre momenter det etter vår mening ikke tatt hensyn til er:

- Parkeringsplass utenfor Fv. 409 ca 10-15 meter fra utkjørsel, vil få vesentlig mindre bruk til biloppstilling. Det er denne fritidsboligene har rett til å bruke ihht. tinglyst skjøte, og har blitt brukt siden fritidsboligene ble bygget, fra 60 - 70-tallet og frem til i dag. Med 80 km hastighet på veien er denne møteplassen viktig.
- Eksisterende utkjørsel har også vært brukt siden 60-70-tallet.
- Fritidsboligene har også på tinglyst skjøte følgende rett til vei opp.
- « Samleis har kjøper rett til transport av evt. materialer gjennom gjerdestykke til seljar (gammel garsveg) fellesveg med seljar.»
- Det vil ikke bli økt belastning på fylkesveien som følge av oppgraderingen.
- At fritidsboligene kun benyttes i begrenset omfang. Ferier og helger sommerhalvåret.
- At dette er den gardsveien som grunneier i alltid har bruk.

Forslaget med å la veien gå over allerede eksisterende utkjørsel lenger sør, er ikke lett å få til, fordi den vil måtte gå over annen grunneiers eiendom.

Vurdering:

Opplysningar om at avkøyrsla og gardsvegen skal nyttast som tilkomst til fritidsbustad er nye opplysningar i saka. Det burde i første omgang vore søkt om utvida bruk av avkøyrsla til fritidsbustad. Denne nye bruken av avkøyrsla og gardsvegen kan medføre eit krav om dispensasjon frå arealføremålet i arealdelen av kommuneplan for Radøy jamfør plan- og bygningslova. Dette spørsmålet er det Radøy kommune som må ta stilling til. Vi finn likevel at vi kan handsame klagen i staden for å be om ny søknad, då det vesentlege i argumentasjonen til søkjar ikkje endrar vår vurdering av saka.

Statens vegvesen Region vest har vurdert søknaden og klagen med bakgrunn i

- Veglova
- Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrænse på riks- og fylkesvegar i Region vest 2013 - 2016
- Handbok N100 Veg- og gateutforming
- Handbok V121 Geometrisk utforming av veg- og gatekryss

Veglova:

Omsynet til trygg og god trafikkavvikling kjem fram av formålsparagrafen i veglova:

*§1a. Foremålet med denne lova er å tryggje planlegging, bygging, vedlikehald og drift av offentlege og private vegar, slik at trafikken på dei kan gå på eit vis som trafikantane og samfunnet til ei kvar tid kan vere tente med. Det er ei overordna målsetjing for vegstyresmaktene å skape størst mogleg trygg og god avvikling av trafikken og ta omsyn til grannane, eit godt miljø og andre samfunnsinteresser elles.*

Vårt vedtak datert 7. september 2015 er heimla i veglova §§ 40-43. Vi har i vedtaket vårt lagt ved ei prinsippskisse (vedlagt) med dei krav vi stiller i samsvar med vegnormalane (N100), som er heimla i veglova § 13.

Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrænser på riks- og fylkesvegar i Region vest 2013 - 2016

Rammeplan vart vedtatt politisk av Hordaland fylkeskommune i 2013. Den inneheld prinsipp og føringar for korleis vi skal vurdere avkøyrslssaker og er nytta som del av vurderingsgrunnlag før vi fattar vedtak. Eit viktig prinsipp for behandlinga av alle våre saker er at teknisk utforming av avkøyrslar skal vere i samsvar med handbøkene N100 og V121.

Vegvesenet sine handbøker:

Handbok N100 *Veg og gateutforming* og Handbok V121 *Geometrisk utforming av veg- og gatekryss* ligg til grunn når vi skal vurdere dei tekniske krava vi stiller i avkøyrslssaker. Desse vegnormalane er heimla i veglova § 13 og gjeld all offentlig veg. Krava er utarbeidd av ekspertar på området, og seier kva minimumstilhøve som må vere til stades for å sikre god framkome og trafikktryggleik på vegnettet. Vegvesenet har likevel anledning til å nytte



skjønn, noko som inneber både å gå over og under minimumskrava, sett ut frå staden sin karakter.

#### Eksisterande avkøyrslar og dagens krav:

Søkjar opplyser at avkøyrsla har vore nytta sidan 60–70 talet. Ved søknader om nye avkøyrslar eller utvida bruk av avkøyrslar må vi følgje dagens krav til standard og ikkje basere oss på eldre normalar frå ei tid med eit anna trafikkbilete. Det er viktig at dagens tekniske krav vert følgt opp når det kjem til ny og endra bruk.

I vårt avslag har vi lagt vekt på at ein ikkje kan oppnå ei tilfredstillande og trafikksikker løysing i denne avkøyrsla, sjølv om den vert utbetra. Saman med avslaget var det lagt ved ei prinsippsskisse som syner våre krav til sikt og geometrisk utforming av avkøyrsla. Basert på fartsgrensa (80 km/t) og trafikkmengde (1300 årsdøgntrafikk) er det satt minimumskrav om siktlinjer på 100x4 meter. Det vil seie at ein skal sjå 100 meter til begge sider av køyrebana når ein står 4 meter inn i avkøyrsla, 1,1 meter over bakken.

Føremålet med svingradius er mellom anna å oppnå fartsreduksjon i avkøyrsla og oppnå eit ønska køyremønster ut på vegen. Denne avkøyrsla går på skrå og nærmast parallelt med fylkesvegen. Det optimale er at avkøyrsla skal ligge i 90° vinkel på vegbana. Det vil i praksis seie at denne avkøyrsla ikkje har svingradius. I prinsippsskissa har vi satt som krav svingradius på 4 meter. Krava vi har satt i prinsippsskissa gjeld personbil. Dersom det skulle vere aktuelt med traktor og tømmertransport her vil krava til mellom anna svingradius verte skjerpa til 9 eller 12 meter.




**Vegbilete av avkøyrsla (2015).**

I søknaden vi mottok 12. august var det søkt om oppgradering av ein gamal gardsveg på eigeiendommen for å komme fram til skog og utmark. Søknaden var grunngeve med at det var behov for å rydde etter storm, transport av material og tømmer og så vidare. Slik søknaden framstod oppfatta vi at det var tale om at vegen og avkøyrsla skulle rustast opp til nytte for landbruksføremål. Ved synfaring 28.08.2015 fann vi ikkje spor etter gamal gardsveg ut i terrenget frå denne avkøyrsla, noko som kan tyde på at det er lenge sidan den har vore i bruk. Avkøyrsla er ikkje dimensjonert for moderne landbruksdrift. Det kan også tyde på at



det kan vere tilkomst til denne del av eigedomen via ein annan avkjørsel litt lenger aust langs fylkesvegen.



Situasjonskart, oversikt.

I dag nyttar fritidsbustaden parkering langs veg, om lag 10 - 15 m nordvest for omsøkte avkjørsel. I klagen er det lagt vekt på at denne parkeringsplassen vert mindre nytta og trafikktryggleiken i området samla sett vert betre, dersom dei får tilkomst til fritidsbustaden via den omsøkte avkjørsla.

Vår merknad til dette er at parkering skjer utanfor vegbana, i eit område der vegbana er utvida, og er ikkje til hinder for trafikken. Etter ei samla vurdering finn vi at denne løysinga vil vere mindre trafikkfarleg enn å utvide bruken av den omsøkte avkjørsla.



Vegbilette av parkeringsplass (bak bosspann til venstre). Avkjørsla kan skimtast til venstre i biletet lenger framme på vegen (2015).

BKK har søkt om graving langs Fv 409, for å legge ned kabel i bakken.

BKK sin søknad vert behandla for seg, og den er heller ikkje relevant for vår vurdering av klagen.

Søkjjar har peikt på at 80 km/t ikkje er reell fart på staden.

Vi kan leggje til grunn noko lågare fart når vi setter krav til avkøyrsla. Sjølv om vegen er smal, ligg avkøyrsla her på ei rett strekning, noko som vanlegvis vil auke farten til bilistane. Det er likevel slik at sjølv om vi legg til grunn ein fart på 60km/t vil ikkje avkøyrsla oppnå tilfredstillande sikt.

Vi har foreslått å nytte ei landbruksavkøyrsel lenger aust, dersom det er behov for å kome til skog og utmark. Søkjjer syner til at dette ikkje er lett å få til, då vegen då vil gå over ein annan grunneigedom.

#### **Oppsummering:**

Statens vegvesen kan ikkje godkjenne utvida bruk av den omsøkte avkøyrsla. Sjølv om avkøyrsla vert utbetra, vil den ikkje støtte krava i vegnormalen til mellom anna sikt og geometrisk utforming. Sikt er essensielt for å ta vare tryggleiken på vegnettet.

Statens vegvesen står fast på sitt vedtak av 7. september 2015. Det er særleg siktforholda i avkøyrsla som er avgjerande for denne avgjersla.

#### **Konklusjon:**

Statens vegvesen har vurdert klagen og finn ikkje å kunne ta den til følgje. Vi tilrår at vårt vedtak av 7. september 2015 vert ståande.

Saka vert med dette sendt over til Hordaland fylkeskommune som klageinstans.

Vegavdeling Hordaland

Med helsing

Olav Finne  
avdelingsdirektør

Sindre Lillebø  
seksjonsleiar

Kopi :

Per Vetås

Radøy kommune, Krossvegen 8, 5936 MANGER

Randi Helland og Leif Karstein Håland, Hålandsvegen 41, 5936 MANGER

Vedlegg:

1. Søknad om oppgradering og utvida bruk – 12.08.2015
2. Kart til søknad.
3. Avlag på søknad om avkøyrsløse – 07.09.2015
4. Prinsippskisse avkøyrsløse – 07.09.2015
5. Klage på avslag – 25.09.2015
6. Vedlegg til klage – BKK forslag.

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*